



Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS
Bent Are Mjelstad
Fotlandsvegen 39
5282 LONEVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2620 - 18/24166

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

16.11.2018

Godkjenning- tilkopling til kommunalt VA-anlegg GBNR 22/231 - midlertidig brakkerigg

Administrativt vedtak. Saknr: 305/2018

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 09.11.18, motteke 12.11.18 søkt om tilkopling til kommunalt VA - anlegg for brakke på eigedomen gbnr 22/231 . Brakka skal plasseras og mellombels knytast til kommunalt VA - anlegg, slik situasjonskart dagsett 17.09.18 syner.

Vurdering:

Søknad om mellombels tilkopling til kommunalt VA - anlegg er i samsvar med Forskrift om vass – og avlaupsanlegg i Meland kommune § 9.

Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldand reglar for næringsverksemd dvs. etter målt forbruk. Det må difor installerast vassmålar. Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilkoplinga.

Det kan gjevast løyve til mellombels tilkopling for eit år om gongen med høve til å søkje om vidareføring.

Føretaket Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS, har erklært ansvarsrett.

Administrasjonen har ingen merknad til at brakke på eigedomen gbnr 22/231 vert mellombels tilknytt det kommunale VA – anlegget.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner at brakke på eigedomen gbnr 22/231 vert mellombels tilknytt kommunalt VA - anlegg i samsvar med søknad dagsett 09.11.18 og på følgjande vilkår:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

1. Tilkoplinga gjeld for eit år om gongen, dvs frå 15.11.2018 - 15.11.19, med høve til å søkje om vidareføring.

2. Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd.

3. Det skal installerast vassmålar. Abonnementen må sjølv skaffa og kosta vassmålar.

4. Straks tilknytninga er gjort må ansvarleg røyrleggjar melda frå til kommunen om vassmålarnummer, plassering og målarstand.

5. Kostnad med tilkopling og fråkopling etter bruk er søkjar sitt ansvar.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar i byggesaka, jf pbl. §23-3. Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan - og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om sanitærabonnement GBNR 22/231 - midlertidig brakkerigg
E-postmelding - Søknad om sanitærabonnement GBNR 22/231 - midlertidig brakkerigg
Kart tilkobling. pdf
Erklæring om ansvarsrett

Kopi til:

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrandfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN

Mottakarar:
Mjelstad og Stokke
Rørleggerforretning AS

Fotlandsvegen 39 5282

LONEVÅG